



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

Palmafossen skule



3. – 6. mars 2008



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei – per mars 2008 - 41 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år.

2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Palmafossen skule er ein fulldelt barneskule i Voss kommune i Hordaland. Skulen ligg ca. 3 km frå sentrum, Vossevangen.

Skulen har inneverande skuleår 121 elevar. Elevane er fordelte på 7 klassar i 10 grupper, slik:

Årstrinn	Tal på elevar	Kontaktlærarar
1.årstrinn	22	2
2.årstrinn	21	2
3.årstrinn	13	1
4.årstrinn	22	2
5.årstrinn	14	1
6.årstrinn	15	1
7.årstrinn	14	1

Det er 19 tilsette ved skulen.

Rektor er Ragnhild Skjerveggen. 13 tilsette er pedagogisk personale, anna personale er 6. Av desse 6 er 2 personar assistentar/fagarbeidarar.

Skulen har skulefritidsordning som er open frå 7.45 til skulestart og frå skuleslutt til 16.15.

Skulestart for alle elevar er 8.45 kvar dag. Skuleslutt for alle årstrinn er 13.40 måndag, onsdag og fredag. Tysdag og torsdag er skuleslutt for 1. – 4. 12.45, for 5. - 7. 14.30.

Rektor har 78,8 % administrasjonstid. Kontormedarbeidar arbeider i 25,3 % stilling

FAU er samansett av dei 14 klassekontaktane frå 1.-7. trinn. Leiar og nestleiar i FAU møter i SU.

3 – Vurderingstema

Palmafossen skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Skulemiljøet – med vekt på elevåtferd og sosial kompetanse

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.



Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for samarbeid mellom alle partar i verksemda- det er lagt til rette for kunnskapsdeling- personalet er ope for endringar- personalet er lojale mot skulen sine vedtak- skulen vurderer jamleg verksemda si- leiinga gjev god informasjon- dei tilsette søkjer informasjon sjølve- det er lagt til rette for tilpassa opplæring- inkludering og felles ansvar for elevane er ein del av skulekulturen
Elevane opplever eit inkluderande og stimulerande miljø	<ul style="list-style-type: none">- skulen har ein plan for helse, miljø og tryggleik- læraren ser elevane kvar dag- læraren si rettleiing er tilpassa den enkelte elev sin læringsssituasjon- dei tilsette trivst på skulen- lærarane opplever arbeidsro- elevane og vaksne er høflege og vennlege mot kvarandre- elevane trivst på skulen- elevane har venner på skulen- elevane kjenner ordensreglane- elevane kjenner konsekvensane av brot på reglane- elevane er trygge på kvarandre og tek omsyn til kvarandre- det fysiske miljøet gjev gode vilkår for positivt samspel- skulen legg til rette for faglege og sosiale aktivitetar på tvers av klassetrinn- elevane opplever arbeidsro- kontaktlærarane gjennomfører jamleg elevsamtalar der det er dialog
Personalet har kompetanse og felles plattform som grunnlag for arbeidet med elevmiljøet ved skulen	<ul style="list-style-type: none">- personalet har god kompetanse innan klasseleiing- personalet sitt arbeid byggjer på ei felles forståing av eit godt elevmiljø- skulen har ein heilskapleg plan for utvikling av eit positivt skulemiljø- skulen har ein tiltaksplan mot mobbing- skulen nyttar undervisningsopplegg som fremjar sosial kompetanse- skulen nyttar verktøy som t.d. elevundersøkelsen for å kartleggja og utvikla elevane sitt læringsmiljø
Læraren er ein tydeleg modell og leiari i klassen	<ul style="list-style-type: none">- læraren legg til rette for eit godt læringsmiljø- læraren arbeider med miljøet i gruppa slik at elevane er trygge på kvarandre- læraren gjev elevane merksemd kvar dag- læraren lagar saman med kvar elev læringsmål- læraren gjev rettleiing under læringsprosessen
Det er godt samspel mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- føresette er med på å utarbeida reglar for orden og åtferd på skulen- føresette støttar aktivt opp om skulen sitt arbeid med sosial kompetanse- føresette er støttespelarar til barnet sitt arbeid i læringsprosessen- føresette opplever foreldresamtalen som nyttig- føresette opplever god dialog om barnet si utvikling- skulen tar innspel frå heimen på alvor



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Rektor, lærarar, elevar og foreldre
- Eksterne: **Frå den regionale vurderingsgruppa:**
Laila Sægrov frå Granvin kommune og Gudny Fykse frå Kvam kommune

I tillegg var to hospitantar frå Nesøya skole i Asker kommune med på vurderinga: Pia Thoresen og Kari Kolbjørnsen

Vurderingstemaet: **Skulemiljøet – med vekt på elevåtfærd og sosial kompetanse**, involverer alle partar i skulemiljøet. Det er difor naturleg at elevar og foreldre, tilsette og leing er med i vurderinga. Elevåtfærd og elevane sin sosiale kompetanse vil bli påverka av dei vaksne dei møter både på og utanfor skulen; i skulemiljøet, i heimemiljøet og elles i barna sitt fritidsmiljø.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Palmafossen skule har no vurdering for andre gong. Skulen kjenner vurderingsforma. Førebuinga mellom skule og vurderarar har denne gongen gått føre seg på telefon, med post og korrespondanse på e-post.

Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen 4 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane.

I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 4 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, heile elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, plan for positivt skulemiljø, resultat av elevundersøkinga og lærarundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til elevar, foreldre og lærarar. Desse vart fylt ut av elevar, pedagogar og foreldre, og returnerte til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane. 6 av 14 inviterte møtte.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no - situasjon og for vidare arbeid. Vurderingsparet startar kvar vurderingsdag med møte med rektor, slik at rektor til ei kvar tid er informert om det vurderarane ser og observerer.

Observasjon

Me observerte elevane i aktivitet både ute og inne måndag, tysdag og onsdag. Det vi såg og høyrde ligg i vedleggsrapporten.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon

- Det vert lagt til rette for kurs
- Nyutdanna blir godt mottatt og får god støtte i arbeidet frå andre lærarar
- Tilsette får opplæring i bruk av den digitale læringsplattforma "Pedit"
- Personalet er positive til å dela erfaringar og opplegg, planar og idear med kvarandre
- Personalet er aktive i revisjon av planar
- Personalet er lojale mot skulen sine vedtak
- Ein del av arbeidsplanfesta tid er sett av til samarbeid på teama
- Det er avsett fast tid kvar veke til informasjon frå rektor
- Dei tilsette tek felles ansvar for alle elevar

Elevane opplever eit inkluderande og stimulerande miljø

- Elevane likar lærarane sine
- Det er lett for elevane å snakka med lærarane
- Elevane trivst på Palmafossen skule
- Elevane har venner på skulen
- Elevane er trygge på skulen og skulevegen
- Elevane er interesserte i å læra
- Elevane er aktive i læringssituasjonen
- Elevane får raskt hjelp
- Det er god stemning i klasserom, gangar og ute
- Elevar og tilsette er høflege mot kvarandre.
- Vi har ikkje observert konflikhtar eller stygg språkbruk
- Dei tilsette trivst på skulen. Det er eit godt sosialt miljø blant dei tilsette
- Ordensreglane heng i alle klasserom
- Skulen har eit stort uteareal
- Elevrådet arrangerer ball-turneringar

Personalet har kompetanse og felles plattform som grunnlag for arbeidet med elevmiljøet ved skulen

- Skulen har ein plan for utvikling av positivt skulemiljø
- Skulen har ein tiltaksplan mot mobbing. Foreldra er godt fornøgde med denne
- Ein av dei to vaktene som er ute har ekstra "auge på" elevar som kan vera involverte i mobbeproblematikk
- Heile personalet har fått opplæring i metoden "Det er mitt val"
- Det er vedtatt på skulen at "Steg for steg" og "Det er mitt val" skal brukast på skulen
- Alle lærarar har timeplanfesta elevsamtalar og dei blir gjennomførde på alle trinn. I desse samtalan blir det fokusert mykje på det sosiale miljøet.
- Alle trinn har representantar i elevrådet



Læraren er ein tydeleg modell og leiar i klassen

- Lærarane ser og snakkar med elevane kvar dag.
- Lærarane er dyktige og engasjerte.
- Foreldresitat om lærarane: *"Mange dyktige lærarar. Dei er flinke til å læra frå seg og skapa godt skulemiljø. Ungane gir positive tilbakemeldingar." "Eg synest dei er suverene alle saman."*

Det er godt samspel mellom heim og skule

- FAU har vore med på å utforma ordensreglane
- Skulen og heimen kjenn til konsekvensane av brot på ordensreglane
- Foreldresamtalen er nyttig for både foreldre og lærarar, og det er dialog mellom partane
- Det er eit godt skule/heim-samarbeid
- Det er lett for foreldra å ta kontakt med skulen. Sitat: *"Vi kan ringja og spørja om kva som helst når som helst."*

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon

- Lærarane ønskjer meir tid avsett til deling av erfaringar og idear.

Både svara på påstandsskjema og i intervju seier lærarane at dei ønskjer meire tid til samarbeid og erfaringsutveksling. Det er eit utviklingsområde for skulen å få definert og systematisert meir av den bundne tida til dette.

- Lærarane og assistentane treng samarbeidstid.

Lærarane ga uttrykk for at dei saknar samarbeidstid med assistentar. Det er ei utfordring å organisera arbeidstida slik at dette vert mogleg.

- Lojaliteten i høve til skulen sine planar og reglar, og handheving av desse, må føra til lik praksis i personalet.

Både elevar, lærarar og leiinga seier at det er ulik praksis når det gjeld korleis planar og reglar vert gjennomførde. Det vil verta ein styrke for skulen å få dette mest mogleg likt.



- Skulen bør leggja til rette for samarbeid om å utvikla system for tilpassa opplæring.

Det som kom fram i intervju viser at det er ulik praksis på korleis lærarane tilpassar opplæringa på skulen. Lærarane ønskjer å få læra meir av god praksis på eigen skule og ha moglegheit for å dela undervisningsopplegg.

Elevane opplever eit inkluderande og stimulerande miljø

- Elevane ønskjer meir arbeidsro.

Det bør vera ei utfordring for lærarane å få til eit samarbeid med dei for å utvikla system for å oppnå dette. Kanskje kan ulike premieringssystem vera til hjelp?

- Det store, flotte uteområdet kan vera utfordrande med omsyn til å ha oversikt over all aktivitet for to vakter.

Vaktene bør ha tilsyn på klart definerte område som dei har ansvaret for. Skulen bør og vurdere om der bør setjast inn ei vakt til, slik at heile området er dekkja til ei kvar tid.

Personalet har kompetanse og felles plattform som grunnlag for arbeidet med elevmiljøet ved skulen

- Klassemøte og arbeid med sosiale ferdigheiter bør timeplanfestast.

I intervju med elevane og lærarane kom det fram at det var ulik praksis på kor ofte dei hadde klassemøte og kva dei tok opp i desse møta. I Plan for positivt skulemiljø, punkt 2, står det: "Jevnleg bruk av klassemøte. Det skal skrivast referat frå klassemøta".

- Alle klassar skal utarbeide klassereglar, som skal hengjast synleg i klasserommet

I observasjonene av klasseromma såg me at det var ulik praksis på om klassane har laga egne klassereglar og om desse heng synleg og lag med skulereglar og andre reglar. Elevane og lærarane seier og at det er ulik praksis på dette. I Plan for positivt skulemiljø står det: "I tillegg til skulen sine ordensreglar skal klassereglane hanga synleg."

- Olweus sitt anti-mobbeprogram kan vera eit alternativ dersom skulen ønskjer å setja meir fokus på førebyggjande arbeid mot mobbing.



Elevar og foreldre rapporterer om lite mobbing på skulen og skulevegen. Skulen har ei tiltaksplan dersom mobbing oppstår. For å førebyggja mobbing kan setja meir fokus på dette arbeidet.

Læraren er ein tydeleg modell og leiar i klassen

- Elevane bør få trening i eigenvurdering.

Elevane seier at dei mest ikkje er involverte i vurderinga av eige arbeid og måloppnåing, trass i at klassene har mål på vekeplanane. På vekeplanene kan det til dømes lagast eit eige felt der elevane vurderer sin eigen innsats og måloppnåing.

- Elevane og foreldra bør få konkret og informativ tilbakemelding i høve til måloppnåing.

Elevane seier at dei får lite konkret tilbakemelding på det faglege arbeidet. Foreldra seier at dei får lite arbeid med heim til underskrift/gjennomsyn. Tilbakemeldinga kan gjennomførast til dømes ved innføring av veketestar i forhold til måla for veka, og krevja gjennomsyn og kommentar av både elevar og føresette.

- I tillegg til det sosiale aspektet i elevsamtalen, bør den og fokusere på fagleg læring og måloppnåing.

Elevane seier at det er eit stort fokus på det sosiale i elevsamtalen, og at lite tid vert bruka på å snakka om fag og måloppnåing. I Plan for positivt skulemiljø står det: "Elevsamtalar gjennom heile skuleåret. Fokus på eleven sine læringsmål, både sosialt og kunnskapsmål." Innhaldet i elevsamtalen bør kanskje gjennomdrøftast på nytt, og kanskje bør nye skjema utarbeidast som ein standard for alle.

Det er godt samspel mellom heim og skule

- Skulen bør sikra seg at foreldra har fått informasjon som vert send heim, både om sosial og fagleg utvikling hos barnet.

Føresette seier at det varierer kor mykje informasjon dei får heim. Dette kan betrast ved å be foreldra skrive under på til dømes prøver, vekeplanar og avtalar.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss, 6.mars, 2008

Laila Sægrov

Gudny Fykse

Kari Kolbjørnsen

Pia Thoresen



Vedlegg 1:

Påstandsskjema for elevar på 4. – 7. trinn ved Palmafossen skule
Vurderingstema: Skulemiljøet – med vekt på elevåtferd og sosial kompetanse.

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Eg er trygg på skulen				
2	Eg trivst på skulen				
3	Eg har venner på skulen				
4	Eg har alltid nokon å vera saman med i friminutta/pausane				
5	Me har alltid noko å "gjera på" i friminutta/pausane				
6	Eg blir ikkje erta eller plaga på skulen eller på skulevegen				
7	Eg plagar eller ertar ikkje nokon på skulen eller skulevegen				
8	Eg veit korleis eg skal oppføra meg				
9	Lærarane snakkar mykje med oss om korleis me skal ha det saman på skulen				
10	Eg kjenner ordensreglane				
11	Eg kjem fort inn etter friminutt/pause				
12	Eg høyrer godt etter når læraren underviser				
13	Eg kjem fort i gang med arbeidet mitt				
14	Eg forstyrrer ingen i timane				
15	Eg vert ikkje forstyrra av andre i timane				
16	Eg planlegg arbeidet mitt saman med læraren				
17	Eg kjenner læringsmåla mine og veit korleis eg skal nå dei, og kan vurdere mitt eige arbeid				
18	Eg har elevsamtale med kontaktlæraren min				
19	Når eg samarbeider med andre, får me lært mykje				
20	Eg er interessert i det me lærer på skulen				



Vedlegg 2

Påstandsskjema for lærarar ved Palmafossen skule

Vurderingstema: Skulemiljøet – med vekt på elevåtferd og sosial kompetanse.

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Eg samarbeider godt med alle partar i verksemda				
2	Her er lagt til rette for kunnskapsdeling				
3	Personalet er lojale mot skulen sine vedtak				
4	Skulen vurderer jamleg verksemda si				
5	Her er godt tilrettelagt for tilpassa opplæring				
6	Felles reglar vert praktiserte likt				
7	Skulen har opplegg for å fremja sosial kompetanse				
8	Dei tilsette trivst på skulen				
9	Skulen legg til rette for aktivitetar på tvers av stega				
10	Ulike læringsstrategiar vart nytta.				
11	Skulen har gode rom, og godt med utstyr				
12	Det er arbeidsro i timane				
13	Elevane har arbeidsplan med læringsmål				
14	Det fysiske miljøet gjev gode vilkår for positivt samspel				
15	Eg ser og snakkar med elevane mine kvar dag				
16	Det er dialog i elevsamtalen				
17	Lærarar og elevar er høflege og venlege mot kvarandre				
18	Det er dialog i konferansetimen, der eleven er med				
19	Det er dialog i medarbeidarsamtalen				
20	Det er låg terskel for føresette til å ta kontakt med skulen.				



Vedlegg 3

Påstandsskjema for foreldre ved Palmafossen skule

Trinn 1.,2.,3.,5.,6.

Vurderingstema: Skulemiljøet – med vekt på elevåtferd og sosial kompetanse.

PÅSTAND		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Ueinig
1	Det er lett for meg å ta kontakt med skulen				
2	Det er klasseforeldremøte for kvar klasse				
3	Eg får god informasjon om arbeidet i klassen/gruppa på desse møta				
4	Eg kjenner ordensreglane skulen har				
5	Foreldre har vore med på å laga ordensreglane				
6	Skulen og heimen er einige om konsekvensar av brot på ordensreglane				
7	Eg veit korleis skulen arbeider med sosial kompetanse				
8	Eg veit kva skulen meiner med "sosial kompetanse"				
9	Eg kjenner planen for positivt skulemiljø				
10	Eg opplever foreldresamtalen(konferansetimen) som nyttig				
11	Både eleven, eg og læraren snakkar når det er foreldresamtale				
12	Eg kjenner læringsmåla til barnet mitt				
13	Eg veit kva kriterier kunnskapen til barnet mitt blir vurdert etter				
14	Det er lett å forstå lekse/arbeidsplanen til barnet mitt				
15	Eg kan hjelpa barnet mitt med skulearbeid				
16	Læringsmåla står på lekse/arbeidsplanen til barnet mitt				
17	Barnet mitt er interessert i å læra på skulen				
18	Det er lagt til rette på uteområdet for mange ulike aktivitetar				
19	Barnet mitt har venner på skulen				
20	Barnet mitt trivst på skulen				



Vedlegg 4

Samtale med elevane ved Palmafossen skule, mars 2008

- Kva er bra med å vera elev ved Palmafossen skule?
- Er du grei mot dei andre elevane på skulen?
- Er det greitt å snakke med dei vaksne på skulen?
- Kjenner du deg trygg på skulen og skulevegen??
- Kjenner du til ordensreglane og dei andre reglane som gjeld på skulen?
- Kva gjer du i friminuttane?
- Snakkar de mykje i klassen om korleis de skal ha det på skulen?
- Er det arbeidsro i timane?
- Kor ofte har de klasseråd?
- Kor ofte er det elevråd? Kva vert teke opp der?
- Kva slags læringsmåte og passar best for deg?
- Korleis er du med på å bestemma kva du skal gjera i dei ulike faga?
- Har du greie arbeidsmål? Vurderer du ditt eige arbeid og din eigen arbeidsinnsats?
- Lærer du mykje av å samarbeida med andre?
- Fortel om elevsamtalen.
- Veit mamma og pappa korleis du har det på skulen?
- Er det noko anna du vil fortelja oss?



Vedlegg 5

Samtale med lærarar ved Palmafossen skule

- Kva er bra med Palmafossen skule?
- Korleis lærer de av kvarandre?
- Er assistentar med på kurs? På gjennomgang av planar? Ordensreglar?
- Korleis legg skulen til rette for tilpassa opplæring?
- -Planlegging saman med eleven?
- Korleis har du informert dine elevar og foreldra deira om ordensreglane?
- Korleis har du informert dine elevar og foreldra deira om konsekvensar av brot på ordensreglane?
- Korleis har du informert dine elevar og foreldra deira om Plan for positivt skulemiljø?
- Korleis skal skulen reagere når/dersom det vert oppdaga eller skulen får melding om mobbing?
- Arbeidsro i timane
- (50% heilt einig, 50% litt einig, lærarane Elevane: Eg forstyrrar ingen 38,7, 46,8, 11,3, 3,2)
- Kva vil de seia om arbeidsro?
- Kva meiner de øydelegg (kan øydeleggja) arbeidsroa?
- Kva vil de seia om det fysiske miljøet på skulen, ute og inne?



Vedlegg 6

Foreldreutvaldsmøte Palmafossen skule 3.mars 2008

Tema/spørsmål til drøfting:

- Nemn noko som er bra med Palmafossen skule

- Har du vore med på arbeidet med ordensreglane ved skulen?
- Nemn reglane du kjenner

- Veit du kva konsekvensar skulen nyttar ved brot på ordensreglane?

- Kor god kjennskap har du til Plan for positivt skulemiljø?

- Kva meiner skulen med "sosiale ferdigheiter"?

- Kjenner du til elevåtferd som ikkje er så bra?

- Kjenner du tiltaka skulen set inn om mobbing vert oppdaga?

- Korleis veit du kva barnet ditt skal læra i dei ulike fag?

- Uteområdet:

- Kan de seia det som er bra med uteområdet og det de meiner det burde vore gjort noko med.



Vedlegg 7

Samtale med rektor:

- På kva måtar er det lagt til rette for samarbeid mellom alle partar i verksemda?
- På kva måte er det lagt til rette for kunnskapsdeling?
- Opplever du at personalet er opne for endringar?
- Har personalet vore med på å laga planane for skulen?
- Er personalet lojale mot vedtak som er bestemt?
- Følgjer personalet opp planane som er bestemte?
- På kva måte blir planane vurderte, og kor ofte vert dette gjort?
- Er inkludering av felles ansvar for elevane ein del av skolekulturen?

- Korleis viser dette seg i organisasjonen?
- Har skulen eit felles system for innhaldet i elevsamtalen? Eit felles skjema?
- Har skulen ein felles praksis for gjennomføring av foreldresamtalen? (Innhald, korleis den blir førebudd, dokumentasjon i etterkant, med eller utan eleven)
- Korleis vert elevrådet organisert?
- Har skulen ein felles standard for korleis dei skal arbeida med reglar, og kvar dei skal hengja.
- Har skulen ein felles standard for korleis dei skal arbeida med klasse miljøet/klasse råd.
- Har skulen snakka om kva for grad dei vil ha elevmedverknad/ulike arbeidsmåtar
- Opplever du at det er arbeidsro?
- Korleis opplever rektor samarbeidet med heimane?